



To språkforskarar er skeptiske til arkeolog Frode Iversens teori om at kampesteinen på Risberget gav Stavanger namnet sitt.

IKJE ANV. FOTOGRAF: Stavanger byarkiv

## Skeptiske til ny «Stavanger»-teori

**NAMN:** Språkforskarane Inge Særheim og Klaus Johan Myrvoll trur ikkje Kongssteinen er staven i Stavanger, slik arkeologiprofessor Frode Iversen hevdar i sin nye teori om kvifor Stavanger heiter Stavanger.

Jan Zahl  
jan.zahl@stavisbilde.no

– Eg stiller meg tvilande til dette. «Angr»-namn plar ikkje ha ritt i noko som ligg så langt unna som ein halv kilometer, seier språk- og namneforskar Inge Særheim, professor emeritus ved Universitetet i Stavanger.

– Eg er skeptisk til den teorien stemmer. «Staven» må ha noko med Vågen å gjera, og kan ikkje vera for langt unna. Her må vera ein slags kontakt mellom fjorden og staven, seier Klaus Johan Myrvoll, professor i nordisk språkvitenskap ved Universitetet i Stavanger.

### Ny teori

Lacajlag fortalte Aftenbladet om arkeologiprofessor Iversens nye teori om korleis Stavanger fekk namnet sitt. Det har aldri brenska særleg tvil om dei to orda som dannar namnet. «Staf» tyder

stav på norrønt, mens «angr» tyder trong fjord. Dei fleste er samde om at Vågen er fjorden, men staven har det vore fleire teoriar om. Det to dominerande har vore at fjorden i seg sjelv er så rett som ein stav, eller at staven er det steile Valberget og dei stavsaktige steinformasjonane i den bratte fjellsida.

Iversen meiner staven tvert om kan vera ein stor kampestein som ligg på Risberget, opp frå Breitavannet på Storhaug-sida. Steinen var godt spjølge frå Vågen, men tente også som grensestein mellom gatlane langt tilbake i historia. «Staf» kan også tyda grensestein.

### – For langt unna

Når dei to språkprofessorane stiller seg tvilande til teorien, handlar det framfor alt om avstanden på 550 meter frå Vågen og opp til steinen.

– Teorien stemmer ikkje med andre angr-namn. Her finst ikkje gjele nok parallelar, og det trengst om ein skal underbygga ei slik tolking, seier Særheim, og viser til Tananger, som har fått namnet sitt etter tangen som stikk ut på vestsida av den vestre vågen.

– Å gi namn basert på utsikt frå fjorden er heller ikkje vanleg. Scanne stader har namn etter jordnamnet på staden, som Sandanger eller Lemminger. Men

då handlar det om noko som er på akkurat denne staden, ikkje om noko som ligg ein halv kilometer unna, seier Særheim.

– Kva med grensesteintydninga av «staf», kan det styrka teorien?

– Stav er brukt på ulike måtar i stadnamn. «Grense» er betre ei av tydingane – og sekundær. Den getnære tydinga er ein stav eller ein stakk, altså noko som liknar ein stav. Som Stavfjorden i Skardland, der ein smal og betn fjord blir samanlikna med ein stav, svarer Særheim.

Myrvoll meiner Iversen lukkast i å sannsynleggjera at Kongssteinen har markert grenset.

– Men det springande punktet for meg er avstanden frå Vågen. Ved namngjeving må dei to elementa ligga nært og vera samanfjellande. 550 meter er for langt unna, og det ligg for mykje imellom, seier Myrvoll. Også han skinnar parallellar frå namneforøkings sort sannsynleggjer Iversens teori.

### Hallar mot Helle

Myrvoll meiner «Stavanger» må vera eit ganske lokalt namn, sidan det opphavleg var eit litområde, og at «staven» må ligga tett på «angr»-ein. Sjølv hallar Myrvoll til historikar og filolog Knut

Helles forklaring frå 1975, om at det er Valberget som har gitt fjorden namnet sitt.

– Det er vanskelegare å stå i dag, sidan det er så utbyggd. Men Valberget er ein veldig steil og bratt vegg, med ein veldig spesiell bergart som gir ein stripete formasjon som kanskje ut som stavar i fjellet, seier Myrvoll, og minner om Vågen-låg nærare på bergformasjonen i den tida enn i dag.

Også Særheim legg seg nær Helles forklaring på korleis Stavanger fekk namnet sitt.

– Eg trur staven er neset som stikk ut på nordsida av Vågen, ved Skagen og Valberget. Namnet Skagen er også interessant. Det er eit gammalt namn som betyr eit nes som stikk fram.

Men sjølv om dei to språkforskarane ikkje heilt kjøper arkeologens teori, set dei pris på diskusjonen.

– Eg tykkjer det er positivt at Iversen prøver å forklara dette og skapar interesse for namnet. Det er bra med diskusjon og ulike synspunkt, seier Særheim.

– Eg avns det er frist at Iversen får lagt fram sin teori, men eg er litt skeptisk til om han kan vera korrekt. Uansett er det uråd å avviga dette 100 prosent sikkert. Spørsmålet er kva hypotese som forklarer best, avsluttar Myrvoll.



Her, der det gule huset nå er, ligg Kongssteinen Frode Iversen meiner gav Stavanger namnet sitt.

IKJE ANV. FOTOGRAF: Jan Zahl

## **NAMN: Språkforskarane Inge Særheim og Klaus Johan Myrvoll trur ikkje Kongssteinen er staven i Stavanger, slik arkeologiprofessor Frode Iversen hevdar i sin nye teori om kvifor Stavanger heiter Stavanger.**

### Jan Zahl

- Eg stiller meg tvilande til dette. «Angr»-namn plar ikkje ha rot i noko som ligg så langt unna som ein halv kilometer, seier språk- og namneforskar Inge Særheim, professor emeritus ved Universitetet i Stavanger.

- Eg er skeptisk til om teorien stemmer. «Staven» må ha noko med Vågen å gjera, og kan ikkje vera for langt unna. Her må vera ein slags kontakt mellom fjorden og staven, seier Klaus Johan Myrvoll, professor i nordisk språkvitskap ved Universitetet i Stavanger.

### **Ny teori**

Laurdag fortalde Aftenbladet om arkeologiprofessor Iversens nye teori om korleis Stavanger fekk namnet sitt. Det har aldri herska særleg tvil om dei to orda som dannar namnet. «Stafr» tyder stav på norrønt, mens «angr» tyder trong fjord. Dei fleste er samde om at Vågen er fjorden, men staven har det vore fleire teoriar om. Dei to dominerande har vore at fjorden i seg sjølv er så rett som ein stav, eller at staven er det steile Valberget og dei stavaktige steinformasjonane i den bratte fjellsida. Iversen meiner staven tvert om kan vera ein stor kampestein som låg på Risberget, opp frå Breiavatnet på Storhaug-sida. Steinen var godt synleg frå Vågen, men tente også som grensestein mellom gardane langt tilbake i historia. «Stafr» kan også tyda grensestein.

### **- For langt unna**

Når dei to språkprofessorane stiller seg tvilande til teorien, handlar det framfor alt om avstanden på 550 meter frå Vågen og opp til steinen.

- Teorien stemmer ikkje med andre angr-namn. Her finst ikkje gode nok parallellar, og det trengst om ein skal underbyggja ei slik tolking, seier Særheim, og viser til Tananger, som har fått namnet sitt etter tangen som stikk ut på vestsida av den vesle vågen.

- Å gi namn basert på utsikt frå fjorden er heller ikkje vanleg. Somme stader har namn etter jordsmonnet på staden, som Sandanger eller Leiranger. Men då handlar det om noko som er på akkurat denne staden, ikkje om noko som ligg ein halv kilometer unna, seier Særheim.

- Kva med grensesteintydinga av «stafr», kan det styrka teorien?

- Stav er brukt på ulike måtar i stadnamn. «Grense» er berre ei av tydingane - og sekundær. Den primære tydinga er ein stav eller ein stokk, altså noko som liknar ein stav. Som Stavfjorden i Nordland, der ein smal og bein fjord blir samanlikna med ein stav, svarer Særheim.

Myrvoll meiner Iversen lukkast i å sannsynleggjera at Kongssteinen har markert grenser.

- Men det springande punktet for meg er avstanden frå Vågen. Ved namngjeving må dei to elementa liggja nært og vera samanfallande. 550 meter er for langt unna, og det ligg for mykje imellom, seier Myrvoll. Også han saknar parallellar frå namneforskinga som sannsynleggjer Iversens teori.

### **Hallar mot Helle**

Myrvoll meiner «Stavanger» må vera eit ganske lokalt namn, sidan det opphavleg var eit lite område, og at «staven» må liggja tett på «angr»-ein. Sjølv hallar Myrvoll til historikar og filolog Knut Helles forklaring frå 1975, om at det er Valberget som har gitt fjorden namnet sitt.

- Det er vanskelegare å sjå i dag, sidan det er så utbygd. Men Valberget er ein veldig steil og bratt vegg, med ein veldig spesiell bergart som gir ein stripete formasjon som kan sjå

ut som stavar i fjellet, seier Myrvoll, og minner om Vågen låg nærare på bergformasjonen i den tida enn i dag.

Også Særheim legg seg nær Helles forklaring på korleis Stavanger fekk namnet sitt:

- Eg trur staven er neset som stikk ut på austsida av Vågen, ved Skagen og Valberget. Namnet Skagen er også interessant. Det er eit gammalt namn som betyr eit nes som stikk fram.

Men sjølv om dei to språkforskarane ikkje heilt kjøper arkeologens teori, set dei pris på diskusjonen

- Eg tykkjer det er positivt at Iversen prøver å forklara dette og skaper interesse for namnet. Det er bra med diskusjon og ulike synspunkt, seier Særheim.

- Eg syns det er fint at Iversen får lagt fram sin teori, men eg er litt skeptisk til om han kan vera korrekt. Uansett er det uråd å avgjera dette 100 prosent sikkert. Spørsmålet er kva hypotese som forklarar best, avsluttar Myrvoll.